

Fornøgde bidragsytarar etter Festidalen.

10.08.2016



Det gjekk unna av Smakifrå-maten under arrangementa i båthamna under Festidalen

For Spar Uskedalen og SmakifråOska er Festidalen langt meir enn bidraget dei gjev når dei samarbeider med Festidalen om gratis festivalfrukost på Oska. Frukosten samla om lag 350 gjester. Begge dei næringsdrivande er svært fornøgde med det som dei ser at Festidalen gjev tilbake.

Roy Lervåg på Oska seier det var ei super helg der særleg laurdagen var heilt fantastisk. Medan frukosten pågjekk flytta Smakifrå det vesle kjøkkenet sitt ut og serverte fillerista gris 'Asian style' med sesamkål i pitabroð samt pølser og brus til publikum under Festitaren og Lambasleppet i båthamna. Kl.14 starta dei servering av middag inne, og det var mykje folk heile tida, meir enn forventa, og dei serverte meir enn 200 middagsgjester. Torsdag hadde dei vanleg skaldyrkveld, og fredag var også ein bra dag med mange middagsgjester sjølv om det kanskje var litt mindre enn forventa på førehand. Både fredag og laurdag var det levande musikk som skapte fin stemning rundt middagen.

Søndag var det først frukost, og det fungerte bra med om lag 50 gjester. Dei fleste av dei var tilreisande festivalgjester. Søndag vart det også servert søndagsmiddag, og då var ein meir tilbake til normalen. Godt med gjester var det då og. Desse søndagsmiddagane er blitt svært populære, og denne søndagen serverte SmakifråOska komle.

Elles uttalar Roy Lervåg seg svært positivt om den første Festidalen for hans del.



Susanne Løland Eik og resten av betjeningen på Spar hadde det travelt, men kjekt under Festidalen.(Arkivfoto)

På Spar Uskedalen merka dei tilstrøyminga av Festidalen-folk alt på torsdagen.

- Vi merkar godt at det er mykje folk desse dagane, men alle er så blide og gleder seg til det dei skal oppleva. Om det blir litt kø, merkar vi ikkje noko på dei blide kundane i alle fall, fortel Kjersti Nilsen Børve, ein av eigarane av butikken.

Ho fortel vidare at det gjekk ekstra mykje varmmat og drikkevarer.

- Det gjekk nokre hundre Uskedalsburgerar, ja, seier Kjersti og legg til at dei som jobba på kjøkkenet hadde det spesielt travelt. Ho rosar både dei tilsette og kundane.

- På meg verkar det som alle syns dette er kjekt, og det er det jo verkeleg! avsluttar den blide butikkeigaren.

No ventar både Kjersti, Roy og mange, mange andre berre på Festidalen 2017.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland